

Prekenverkstedet



<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Palmesundag, 17. april 2011

Joh 12,1-13

Sak 9,9-10

Fil 2,5-11

Til dagen:

Me er framleis i den siste delen av fastetida, den som blir kalla pasjonstida. Jesu inntog i Jerusalem er i fokus som på første sundag i advent. Men mens adventssundagen fokuserer på Jesus som konge, er det denne sundagen heller Jesu veg mot lidning, død og oppstode som står i sentrum. Harald Kaasa Hammer seier i ei preike at me ikkje feirar palmesundag som om me ikkje veit kva som skjer i veka som ligg framfor oss. Tore Kopperud har gjeve dagen undertittelen *Hyllest på lidelsesveien*.

Til teksten:

Teksten inneheld to forteljingar med eit overgangsavsnitt; Jesus blir salva i Betania (v 1-8), overgang (v 9-11), Jesus rid inn i Jerusalem (v 12-13). Den geografiske plasseringa er landsbyen Betania og høgdedraget Oljeberget, som ligg mellom Betania og Jerusalem.

Når det gjeld salvinga, er det litt ulik overlevering som ligg bak synoptikarane og Johannes. Skjevesland samanfatar dette slik i det han byggjer på R. E. Browns kommentar: "Trolig går fortellingene hos Johannes og Markus/Matteus tilbake på same hendelse, mens Luk 7 avspeiler en tidligere salving i Galilea" (Ordet i første rekke, band 1, side 151 ff).

Jesus er hos sine venner i Betania. Det er truleg laurdag kveld (seks dagar før påske, som i Johannes' kronologi kjem fredag kveld/laurdag). I dagane før påske var det tusenvis av tilreisande pilegrimar i Jerusalem. Mange av dei budde i landsbyane rundt byen og var inne på tempelplassen om dagen (bøn, offer, møte med Gud, men òg yrande folkeliv og fellesskap). Når kvelden kom hadde dei måltidsfellesskap der dei budde, anten på herberge, i teltleir utanfor byen eller som gjester i private heimar. Jesus og disiplane var så heldige at dei hadde nære venner i Betania. (Les om valfarten til Jerusalem i påsken, sjå Kvarme: Åtte dagar i Jerusalem s 30 ff, om fest og salving i Betania s 93 ff).

Salving i den jødiske tradisjonen er knytt til å vera konge (Messias, den salva) og til gravferdsskikkane. Her blir dette kopla. Ein salva ikkje ein konge på føtene, dette var derimot ein del av stellet av den døde før gravferda. Jesu ord: ”*Lat henne vera! Ho har gøymt salven til gravferdsdagen min*” er vanskelege å omsetja frå gresk. Dei viser i alle høve at Jesus aksepterer Maria si handling og at salvinga på ein eller annan måte føregrip Jesu gravferd.

Inntoget i Jerusalem er med i alle fire evangelia som ein opptakt til Jesu siste påske. Vers 12 fortel at dette skjedde *dagen etter*, altså truleg ein søndag. Det er bare Johannes som fortel om *palmegreiner*. Det er altså frå denne teksten me har namnet *palmesundag*. Alle evangelistane fortel om at folkemengda ropte Hosianna med ord frå Salme 118,25-26, men med ulike tillegg knytt til at Jesus er Messias. Her er tillegget *Israels konge*. Johannes fortel at Jesus fann eit esel *etter* hyllinga med palmegreiner. Kanskje Johannes vil framheva at Jesus med dette korrigerer ein alt for tydeleg politisk messias-proklamasjon?

Kvarme har lært meg at det truleg *ikkje* er dei same menneska som syng hosianna på palmesøndag og roper korsfest på langfredag:

”Men de som slik hyller og hilser Jesus velkommen, hvem er de? Det tales jo ofte om at de som roper ”Hosianna!” på palmesøndag, deltar i et annet rop på langfredag: ”Korsfest!” Men det er verken en nødvendig eller naturlig slutning ut fra evangelienes beretninger. Vi kan ikke utelukke at noen som er med i hyllingsropene på palmesøndag, også deltar i kravet om korsfestelse fem dager senere. Men i det store og hele er det to forskjellige grupper det dreier seg om disse to dagene.

På Oljeberget omgis Jesus dels av sine egne disipler, av andre pilegrimer som nå kommer til byen, av landsbyfolk fra Betania og Betfage og andre småsteder i området, og dels er det pilegrimer som alt befinner seg i Jerusalem som kommer og møter ham med palmegreiner (Joh 12,12f). Annerledes blir det på langfredag når Jesus forhøres av Pontius Pilatus, et forhør som sannsynligvis finner sted i Herodespalasset i Øvrebyen. Der er det representanter for prestefamiliene i det høye råd som kommer til Pilatus med Jesus, og i denne delen av byen bor også øversteprestenes familier og den øvre makteliten i Jerusalem. Når evangelistene taler om en folkemengde ved Pilatus’ dommersete, dreier det seg i første rekke om folk fra disse gruppene og fra denne delen av byen, de er jerusalemitter.” (Kvarme s 58).

Til preika:

1. Innleiing om valfarten til Jerusalem i påskehøgtida og om stemninga blant dei mange tilreisande i dagane før påske. Setja festmåltidet i Betania inn i denne samanhengen.

2. Jesus gir seg til den enkelte. Sjå på menneska som var til stades. Marta som ordna opp, men som også visste kvar ho skulle gå. Ho gjekk til Jesus og snakka med han då Lasarus var død (11,20 ff). Maria som gav det beste og mest verdifulle ho hadde. Ho var så tekknemleg. Korfor? Kanskje fordi Lasarus sat ved bordet og var reist opp frå

dei døde? Og Lasarus som bare var der og som gjekk rundt som eit levande under. Folk begynte å tru på Jesus, bare ved å sjå på Lasarus. Judas som gjer seg sjølv så liten ved å lyga i møtet med Jesus. Det var forresten også andre som gjorde seg små i denne teksten; overprestane la planar om å drepa Jesus sidan mange jødar drog til Betania for hans skuld.

3. Jesus var ein jødisk pilegrim som kom til valfartsfesten i påsken saman med tusenvis av andre jødiske pilegrimar. Samtidig var han ein unik jøde med eit heilt spesielt kall. Inntoget i Jerusalem handlar om dette. Nå godtok omsider Jesus hyllinga som Messias, i det han sette seg på eselet som ei oppfylling av profetien i Sak 9,9-10.

4. Palmesøndag er ein dag for alle som lengtar. Lengtar etter Jesus, etter Guds rike. Det kristne håpet talar om eit evig liv i Guds rike. Det er mange bilete på dette i Bibelen. Ein stad blir himmelen teikna som ein ny palmesundag, men utan noko kors i bakgrunnen (Op 7,9-10). Dette er eit håp for oss! Og det byggjer på det som skjedde i påsken.

Arne Berge

avdelingsleiar, kyrkjelydsutvikling

Stavanger bispedømme

& landsstyremedlem, Den Norske Israelsmisjon

berge.arne@gmail.com